



## Referat frå oppstartsmøte

Sak (namn og ID): Detaljreguleringplan Havyard Leirvik, gbnr . 85/8 m.fl – Plan-ID: 2024002	
Møtestad: Teams	Møtedato: 19.12.24
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagstilar:	Frå kommunen:
Cornelis Erstad – Rådgjevar - Norconsult Norge AS	Idar Førde Blom – Arealplanleggar
Tore Bråstad – Prosjektleiar - Havyard Leirvik AS	Gaute Lundeland – Kommunalsjef samfunnsutvikling og Teknisk drift
Referat sendast til:	Rådgjevar, prosjektleiar

### 1. Planføresetnader

#### Plantype:

- Områderegulering     Reguleringsendring
- Detaljregulering

#### Aktuelt område er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Områderegulering
- Detaljregulering
- Utbyggingsplan



Planen vil heilt / delvis erstatte følgjande plan(ar):

- Planframlegget vil samsvare med overordna plan.
- Planframlegget vil ikke samsvare med overordna plan.

#### Merknader:

*Planområdet vil i stor del samsvare med overordna plan. Landarealet av planområdet ligg innanfor industri, og vil vere i tråd med tiltaket. Sjøarealet er ikke i tråd med planlagt flytedokk og utviding av kai. Liten del av planområdet i sørvest er strid med LNF-føremål.*

- Framlegg til avgrensing av planområdet er gjennomgått. Kommunen hadde følgjande innspel til framlegget:

*Viktig at planavgrensing er tilstrekkeleg til å dekke dei områda som trengs for å realisere planlagde tiltak. Føreslegen avgrensing dekker dette, og er i hovudsak over dei eigedomane tiltakshavar disponerer sjølv, kring gbr 85/8. Viktig med avklaring kring miljøstasjon i den nordlege del av planområdet, med avgrensing eigedom 85/7, som ikke tiltakshavar eig sjølv.*

#### Bakgrunn og mål med planarbeidet, og hovedføremål i planen:

*Føremålet med planarbeidet er å avklare framtidig arealbruk for Havyard Leirvik på kort og lang sikt.*

*Det har vore verftsdrift i Leirvik sidan 1918, men det moderne verftet på dette arealet vart teke i bruk i 1978. Gjennom åra har det vore ulike eigarar, og i 2023 vart Havyard kjøpt opp av det tyrkiske Tersan-konsernet. Dette har leia til at Tersan Havyard no har ein større ordrereserve og behov for å vidareutvikle verftet. For levering innanfor perioden 2025-2027 er det inngått 6 nybyggingskontraktar, og nye kontraktar er nært føreståande. Samstundes har verftet stor aktivitet også på service/vedlikehald og ombygging. For å oppretthalde denne aktiviteten parallelt med nybygg er ein svært avhengig av ny flyte- og tørrdokk.*

*Følgjande føringer er lagt til grunn for planarbeidet:*

- *Forsterke og vidareutvikle drifta til Havyard Leirvik*
- *Kartlegge og verdsette naturtypar i sjø. Avgrense negative verknadar på vesentlege naturtypeverdiar.*
- *Kartlegge og vurdere miljøtilstanden (ureining) på og kring verftsområdet.*



- *Ivaretaking av omsyn til naturbasert sårbarheit.*
- *Trafikksikker tilkomst til planområdet.*
- *Reguleringsplanen skal ta høgde for å bygge ut området ut fra ei klimatilpassing. Utforming av området og retningslinene i reguleringsplanen må ta høgde for det.*

*Løysingane vil gjelde for anleggs- og driftsfasen. Løysingar for ev. naudsynte omsyn til naturfare, naturmangfald, naturtypar, friluftsliv og kulturminne skal og vere del av reguleringsplanen.*

#### **Hovedføremål i planen:**

*Desse behova skal planen løyse:*

- *Flytedokk*
- *Ny kai tilknytt flytedokk*
- *Tørrdokk*
- *Ny kai tilknytt tørrdokk*
- *Miljøstasjon*
- *Prosjekthall/lager*

#### **Plannamn:**

Forslagsstillars forslag til namn: *DR-plan Havyard Leirvik, gbnr . 85/8 m.fl*

Det er kommunen som tek avgjerd på plannamn. Kommunen kjem med tilbakemelding på namn og plan – ID.

Plannamn: *Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr . 85/8 m.fl*

Plan-ID: 2024002

#### **Anna pågående planarbeid**

Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området

Det er på gang anna planarbeid i området:

#### **Merknad:**

*Kommunen er i gong med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Gjeldande plan er frå 2009 og det er lite føringar i føresegner. Nytt sjøareal som er naudsynt for utviding innanfor planområdet, bør kome inn i revisjonen til kommuneplanen sin arealdel.*



### **Planprogram**

Utløyer planen krav til planprogram, jf PBL § 4-1?

- Ja
- Nei

Merknad:

*Gjennomgang av tiltakslista i vedlegg 1 avdekkjer at tiltaka i reguleringsplanen ikkje fell innanfor verkeområdet til § 6 i forskrifta.*

### **Konsekvensutgreiing**

Utløyer planen krav til konsekvensutgreiing ?

- Ja
- Nei

Det skal i oppstartsfasen avklarast om planen vert omfatta av krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Om reguleringsplanen fell inn under § 3 i KU – forskrifta, men er vurdert til ikkje å skulle konsekvensutgreiaast, skal dette gå fram av varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Dersom planarbeidet vert omfatta av KU-forskrifta skal forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.

Merknad:

*I samsvar med §§ 4 og 5 i forskrift om konsekvensutgreiing av juni 2017, så skal framleggsstillar og planmynde vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6,7 og 8 i forskrifta.*

*Kommunen har vurdert at tiltaket til vere i tråd med §8, då planinitiativet fell innanfor kategoriane:*



- 4.g – *Skipsverft*
- 13 - *Utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg 1 og vedlegg 2 som få vesentlege verknader.*

*Ved vurdering knytt til kriteria i § 10, så vurderte framleggsstilla at planen ikkje var i strid med §10.*

*Kommunen er ikkje samd i dette*

*Vurderinga etter § 10 er gjort i vedlagt vedlegg til referat. Konklusjon er lista nedanfor.*

#### **Konklusjon:**

*Sjølv om det har vore aktivitet på anleggsområdet sidan 1978, så er det ikkje gjennomført nokre gjennomgåande konsekvensutgreiing for området i overordna plan tidlegare. Omfanget og storleiken på dei nye tiltaka er store og kan føre til vesentleg påverknad på omgjevnaden kring Bøfjorden.*

- *Naturmangfald - Påverknad naturtype gytefelt for torsk*
- *Forureining - Støypåverknad kring verftet*

*Med potensiell konflikt med naturmangfald og forureining, vert det konkludert at planinitiativet kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn innanfor KU-forskrifta § 10.*

*For å sikre naudsynt omsyn til miljø og samfunn, vert det satt krav om KU for tema naturmangfald og forureining.*

#### **2. Lokale forskrifter og retningsliner som gjeld for planområdet:**

Kommunale vedtekter

Kommunale retningslinjer

Kommuneplanens retningsliner

andre

Føresegner i arealdel av k-plan

#### **Merknader:**

*Det er lite føringar frå gjeldande kommuneplan som vil vere styrande for planarbeidet.*

**VA-norm:** Hyllestad kommune har utarbeidd VA-norm. Denne skal inkluderast i planarbeidet. Kommunen vil legge denne med som vedlegg til referat.

**VAO-rammeplan:** Dette skal utarbeidast i samband med planarbeidet.

### **3. Viktige vurderinger og utgreiingsbehov**

Lokale tilhøve som føreset særleg utgriing / vektlegging i planarbeidet:

- |  |  |
|--|--|
| <input type="checkbox"/> Born og unge                                | <input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfald             |
| <input checked="" type="checkbox"/> Samfunnstryggleik og beredskap   | <input type="checkbox"/> Stadutvikling, kjøpesenter                |
| <input type="checkbox"/> Funksjonshemma og eldre                     | <input type="checkbox"/> Kulturlandskap og kulturminne             |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunikasjon, veg og vegteknisk | <input checked="" type="checkbox"/> Klima og energi                |
| <input type="checkbox"/> Universell utforming                        | <input checked="" type="checkbox"/> Strandsona, sjø og vassdrag    |
| <input checked="" type="checkbox"/> Trafikktryggleik                 | <input checked="" type="checkbox"/> Folkehelse (støy, ureining mv) |
| <input type="checkbox"/> Jordvern- og landbruksfag                   | <input checked="" type="checkbox"/> Miljøvernfanglege vurderinger  |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunaltekniske anlegg          | <input type="checkbox"/> Anna                                      |

Opplistinga er ikkje uttømmande

*Nytt tema: - Bærekraft*

Særskilte tilhøve og tilleggsopplysningar:

### **4. Statlege planretningsliner og særlover som vedkjem planarbeidet:**

- |  |   |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Barn og unge sine interesser  | <input type="checkbox"/> Akvakulturlova           |
| <input type="checkbox"/> Verna vassdrag  | <input checked="" type="checkbox"/> Ureiningslova |
| <input checked="" type="checkbox"/> Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen | <input type="checkbox"/> Andre lover              |
| <input checked="" type="checkbox"/> Klima- og energiplanlegging i kommunane  |   |
| <input checked="" type="checkbox"/> Samordna areal- og transportplanlegging  |   |
| <input checked="" type="checkbox"/> Naturmangfaldloven   |   |
| <input type="checkbox"/> Vassressurslova   |   |
| <input type="checkbox"/> Energilova  |   |



Dokumenttype:	Reviderast av:	Godkjent av:
Mal	Idar Førde Blom	Gaute Lundeland
	Versjon:	Godkjent dato:
	1.0	04.10.2022

Opplistinga er ikkje uttømmande

Merknader:

## 5. Krav til planforslaget

- Forslagsstiller er gjort kjent med rettleiar for utarbeidning av reguleringsplanar, og dei vedlegg kommunen ynskjer skal leggjast til grunn for vidare arbeid med planen.
  
- Forslagsstiller er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet.

Merknad:

*Vegplanlegging: N100 Veg- og gateutforming*

## 6. Kommunaltekniske anlegg

- Forslagsstiller er gjort kjend med kommunaltekniske anlegg som har tydnad for tiltaket.
  
- Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget
  
- Tiltaket utløyer krav om utbyggingsavtale

Merknad:

*Det er eit omfattande kommunalt VA-nett som går rundt og inne på verftsområdet. Dette vert viktig å handtere i planarbeidet og ved tett dialog mellom kommune og forslagsstiller.*

**Dokumenttype:**

Mal

**Reviderast av:**

Idar Førde Blom

**Versjon:**

1.0

**Godkjent av:**

Gaute Lundeland

**Godkjent dato:**

04.10.2022

**7. Kommunale sakshandsamingsgebyr**

- Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og om når han vil verte fakturert.

Sakshandsamingsgebyr er:

Gjennomgang av planinitiativ:	Kr 5730,-
Oppstartsmøte	Kr 15 280,-
Privat planforslag	Kr 57 300,-
Planar som krev KU og eller planprogram	Kr 38 200,-

[Prisliste 2024](#)

Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

Havyard Leirvik AS

Attestant: Tore Bråstad

Merk: Prosjekt: 639 – Prosjekt Reguleringsplan

**8. Oppstart av planarbeidet – tilråding frå kommunen**

- Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngjeving for negativ tilråding er:

Vidare saksgang:

- Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet

Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet:

- Vurdere å gjennomføre ope folkemøte ifm planoppstart.
- Orienteringsmøte i plan og samfunn 4.februar.



Dokumenttype:	Reviderast av:	Godkjent av:
Mal	Idar Førde Blom	Gaute Lundeland
	Versjon:	Godkjent dato:
	1.0	04.10.2022

## 9. Kartgrunnlaget

Planframlegget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl.

Vil det vere behov for nykartlegging i planområdet?

Ved ja - skisser krava:

Er eigedomstilhøva i planområdet tilstrekkeleg klarlagt?

*Ja. Planområdet er i hovudsak innanfor tiltakshavar eige område. Eigedomsgrense mot privat eigedom i nord er sikre grenser.*

Ved nei: List opp kva som må klargjerast.

## 10. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare sakhandsaminga.

Referatet er godkjent og motteke:

Stad, dato: Hyllesland 20/12-24

Stad, dato: Sogndal, 20.12.2024

**Dokumenttype:**

Mal

**Reviderast av:**

Idar Førde Blom

**Versjon:**

1.0

**Godkjent av:**

Gaute Lundeland

**Godkjent dato:**

04.10.2022

Representantar frå kommunen

For forslagsstilla

**HYLLESTAD KOMMUNE**  
Samfunnsutvikling og teknisk drift